

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 13.10.2015**

**Rosalind Fosse** gjekk frå som ugild fordi ho er styremedlem i stiftinga Museum Vest. Fylkestinget vedtok samrøystes at Rosalind Fosse var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e. Fosse gjekk frå under røystinga.

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Fylkestinget er positiv til samarbeidsavtalen mellom Masfjorden kommune, stiftinga Bjørn West-museet og stiftinga Museum Vest.
2. Fylkestinget ser at ei konsolidering vil styrke forvaltinga og formidlinga av krigs- og okkupasjonshistoria på Vestlandet og styrke museumsverksemda gjennom stordriftsfordelar, større fagleg fellesskap og kompetanse.
3. Fylkestinget tek til etterretning at ei konsolidering vil få konsekvensar for omfanget av driftsmidlar til det konsoliderte museet, men må kome attende med ei eventuell løyving i samband med budsjettetthandsaminga seinare i haust.